

# Nanoteknologi i senioruniversitetet

Professor Bodil Holst ved Institutt for fysikk og teknologi, Universitetet i Bergen, er hovudperson på møtet i Senioruniversitetet onsdag 25. april. Ho skal snakka om nano-teknologi.

Gjennom arbeidet sitt har ho mellom anna, som den første i verda, utvikla eit atommikroskop som gjer det mogleg å ta bilete av dei skjøraste materialar. Til bruk i forskinga, og ved hjelp av nanoteknologi, har ho til dømes fått laga ein

såkalla nano-tallerken. Den er 0,006 millimeter stor. Kva funksjon denne tallerkenen har i hennar forskning, vert eit av punkta ho utdjupar.

For dei fleste av oss er nanoteknologi noko nytt og kanskje ubegripeleg. Svært enkelt forklart er det slik at alle produktar laga av atomar. Eigenskapane til desse produkta er avhengige av korleis atoma er ordna. Nanoteknologane hevdar at dersom vi omorganiserer atoma i kol, kan vi laga diamantar. Omorgani-

serer vi atoma i sand – og legg til nokre få andre sporelement – kan vi laga databrikker. Omorganiserer vi atoma i skit, vatn og luft, kan vi laga poteter.

Dei same teknologane hevdar òg at dagens produksjonsmetodar er som å laga figurar av små lego-klossar med boksehanskar på hendene. I framtida vil nanoteknologien la oss ta av boksehanskane og likevel «knipsa saman dei grunnleggjande byggjesteinane i naturen utan vanskar, billeg og i dei

fleste måtane i samsvar med naturlovene».

Bodil Holst fortel òg at utviklinga kan få mykje å seia for utviklinga av nye (nano-) medisinar.

Senioruniversitetet inviterer alle interesserte til møtet.

(Pressemelding)

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan

Onsdag 22. april 1987

## Liten utfart

Mykje dårleg vêr gjorde at utfarten til fjells denne påska vart heller liten. Berre palmesundag og påskeaftan hadde vi skikkeleg påskevêr, og dei to dagane nytta òg kvinnheringane til å sleikja sol i den kvite fjellheimen. Elles melder både lensmannsvakta og hjelpekorpsset om ei roleg